

ringa i 1948 og var dei første i grenda som braut med den eldgamle tradisjonen.

*Gunnar Næss* har vori poståpnar frå 1939. Han har hatt fleire til-litsverv.

«Næssmark Trekull» var eit tjørebrenneri som var i drift under kri-gen. Fabrikken stod i Sagbekken på den gamle sagtomta. Den vart oppsett hausten 1943 av *Ragnar Næss*. Den stod ferdig etter ½ års byg-gjetid. Men eit tjørebrenneri er brennbare saker, iser i dette tilfelle der gassen vart ført inn under kjelen og brukt som fyringsved. Fabrikken brann ned berre kort tid etter at han kom i gang, men vart oppsett att, og stod ferdig til påske. Fabrikken gjekk med rundfyring med 3 mann delt på 3 skift. Det vart brent av fleire slag ved: furu, bjørk og gran. Attåt tjøra fekk dei fin trekol.

Fabrikken gjekk i 1 ½ år med opphald berte midt på sommaren. Ut på hausten 1945 vart det stans, mykje for di det var vanskeleg å få tak i arbeidshjelp, da arbeidet ikkje var serleg ettertrakta grunna alt støvet.

## **ENBAKKEN**

**G. nr. 116, br. nr. 5.**

Enbakken ligg aust for Neset. Eigedomen var frå først av hus-mannsplass under Neset og vart bureist alt i 1750-åra. Bureisingsfolka var *Peder Knutsen Bakken*, f. 1724, g. 1753 m. *Beret*

*Tørresdotter Ne-set*,

f. 1726. Dei hadde 4 born:

*Beret*,

f. 1754,

*Tørris*,

f. 1760,

*Knut*,

f. 1765 d. 1766 og

*Knut*,

f. 1768.

*Peder Knutsen* vart ikkje gammal kar. Han arbeidde på gruva og døydde på Stormoen 1777, 53 år.

Fem år seinare vart *Beret Tørresd.* gift att med *John Hemingsen Bierchen*. *Knut* døydde i den fæle farsotta som gjekk over bygda i 1788. Systema,

*Beret Pedersdotter*

fór i same sotta. Båe hadde vori på Bjørken da.

*Knut*

d. den 6. oktober og

*Beret*

2 dager etter, 34 år gammal.

Tørres Enbakken vart g. 1789 m. *Kirsti Pedersd. Hegset*, f. 1770.

Dei hadde 2 born, og båe heitte *Peder*.

*Stor-Pe Enbakken*, f. 1791 vart verande heime og tok over plassen.